



Sindre er her lærar for Tørres Lekva Myklebust og Jostein Soldal - 8 og 9 år gamle (foto: Ola Matti Mathisen)

Etter at den svært lovande slagverkaren Sindre Aksnes nyleg slutta i Brazzooka er Bjørn Naterstad (trombone) no einaste uskedeling i riot-jazz-bandet. Trompetisten Vegard Døssland slutta sist sommar.

Vegard og Sindre var begge med i Brazzooka frå starten hausten 2009.

Både Sindre og Vegard satsar framleis på musikken. Begge øver svært mykje, og dei er svært etterspurde i mange samanhengar.

Sindre er av musikkespertar karakterisert som ein særdeles lovande slagverkar. Han har naturlege anlegg og kan nå langt. Det har vorte trukke samanlikningar med til dømes Stein Inge Brækhus.

Sindre spelar ein god del med andre musikarar i ulike prosjekt. Dessutan er han med i ei ny gruppe som er under etablering av den dyktige tysnesingen Roger Sjøvold Dalland.

Han spelar framleis med Uskedal skulemusikk og Rosendal Musikklag, og har mykje eigenøving dagleg. I tillegg er han lærar for unge slagverkarar. Han er også ein gut med fleire andre aktivitetar i tillegg til musikken. Såleis har han i den seinare tid vore engasjert i jegerprøve og traktorlapp!

Vegard er for sin del inne i eit travelt og svært utviklande år fylt med mange gode og spennande musikkopplevingar, Frå hausten er han klar for eit år på Toneheim Folkehøgskule ved Hamar.

Dei to musikk-talentane frå Uskedalen har utan tvil mange flotte musikkopplevingar framfor seg.

Av Ola Matti Mathisen